



Noregs Ungdomslag
Postboks 414 sentrum
0103 Oslo
Telefon 24 14 11 10
Organisasjonsnr. 939 550 550
www.ungdomslag.no
post@ungdomslag.no

Til
Kultur- og kirkedepartementet
postmottak@kkd.dep.no.

Oslo, 1. september 2008

Høyring – Løkenutvalet sin sluttrapport -Forenklet, samordnet og uavhengig – om behov for endringer i tilskuddsforvaltningen for kunst- og kulturfeltet.

Noregs Ungdomslag tykkjer utvalet har gjort eit godt stykke arbeid og rapporten gir ein god oversikt over dei statlige tilskottsordningane. Vi ser også med interesse på forslag om i større grad å samordne og forenkle ordningane og ikkje minst at det blir lagt vekt på å vere open og gje innsyn. Vi ynskjer med dette å kome med nokre kommentarar.

Ad. "virksomhetsstøtte" - utvalet sitt forslag til samling av ulike tilskottsordningar inn under post 74 Virksomhetsstøtte.

Denne støtteordninga er delt inn i tre område, der den eine er omtala som *driftstøtte*. Formålet med driftsstøtteordninga er, slik det går fram av forslaget frå utvale, *å gi gode prosjekt mulighet til å gå over frå prosjektfasen til meir permanent drift*.

Denne driftstøtta vil erstatte fleire av dei ordningane som finst i dag, ordningar som omfattar ulike miljø, ensemble og organisasjonar. Det vil, slik det ser ut for oss, vere denne ordninga kulturorganisasjonane kan hente driftsstøtta si frå.

Ei slik driftsstøtte er særskild viktig for å sikre det langsiktige arbeidet i kulturorganisasjonane. Kulturorganisasjonane treng ordningar som gjer det mogleg å tenkje langsiktig, gir rom for nytenking, men også stabilitet og ivaretaking av tradisjonar.

Ordninga må gi rom for at den einskilte organisasjon kan definere korleis dei ynskjer å nytte midlane ut ifrå eigne målsettingar, arbeidsprogram og strategiar. Sterke fagmiljø i organisasjonane som igjen er forankra i demokratiske strukturar og nettverk lokalt, regionalt og nasjonalt, treng tillit frå dei som løyver midlar. Verksemda må ikkje bli styrt av trange retningslinjer, men gi rom for verdien av organisasjonane sitt frie arbeid på kulturfeltet.

Dersom det er tenkt at midlane skal samlast i "sekkepostar" der det berre er totalsummen som blir fastsett i statsbudsjettet, er det viktig at fordelinga mellom mottakarane blir kjent for desse på ein måte som gjer det mogleg å planleggje verksemda.



Noregs Ungdomslag
Postboks 414 sentrum
0103 Oslo
Telefon 24 14 11 10
Organisasjonsnr. 939 550 550
www.ungdomslag.no
post@ungdomslag.no

Det er også ei føresetnad for ei vellukka tilskottsordning at det er stor kunnskap om kunst- og kulturorganisasjonane i heile si breidde både hos dei som utviklar kriteria og dei som skal forvalte ordninga.

Vi ser fram til ei klargjering av korleis ordninga er tenkt og bidrar gjerne med innspel i det vidare arbeidet.

Beste helsing
Noregs Ungdomslag

Marit Jacobsen
generalsekretær
marit@ungdomslag.no
91 58 07 81